

Arkivsaknr PLAN-19/00463-51
Saksbehandler Kjell Grønsberg

Saksgang

Møtedato

Kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
Ungdomsrådet
Kommune- og byutviklingsutvalget
Kommunestyret

PLAN 1923 - Detaljregulering Kvaløysletta skule - endeleg vedtak

Kommunedirektøren sin innstilling til vedtak:

Detaljreguleringsplan 1923 for Kvaløysletta skule med revidert plankart av 28.02.2022 og reviderte planføresegner av 28.02.2022, vert vedtatt.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-12.

Stig Tore Johnsen
Kommunedirektør

Mette Mohåg
Avdelingsdirektør, Byutvikling

Innleiing

Forslag til detaljregulering for Kvaløysletta skule plan 1923 vart ferdigstilt den 13.11.2020. Planforslaget legg til rette for ny ungdomsskule og fleirbrukshall på Kvaløysletta, ved sida av eksisterande ungdomsskule og barneskule, og vil ha kapasitet til i alt 720 elevar.

Bakgrunnen for at det har tatt tid med å leggja fram føreliggjande planforslag for vedtak er fleire. Etter ferdigstilling av planen kom det spørsmål om korvidt kommunestyret sitt vedtak i sak 178/20 som omhandla kommunedirektøren sitt forslag til handlingsprogram 2021-2024 er blitt vurdert. I vedtaket kom det fram følgjande i pkt. 26: *«Kvaløysletta ungdomsskule skal planlegges og gjeres klar til bygging i 2022. Prosjekteringen av ny ungdomsskule på Kvaløysletta fortsetter med hensikt å se på gevinster ved samlokalisering av funksjoner og sambruk av arealer for ungdomsskule, barneskule, idrettshall, bibliotek, fritidsklubb og lignende. Det må vurderes både økonomiske og byutviklingsmessige gevinster ved samlokalisering av ulike funksjoner. På bakgrunn av dette gjeres det en gjennomgang av prosjektet ny ungdomsskule for innarbeiding av eventuelle behov for nye funksjoner og tilleggsarealer. I løpet av året skal det legges fram ei sak med forslag til finansiering av ny skole.»*

Med grunnlag i dette vart det gjort vurderingar om det ville vere meir formålstenleg for bydelen å bygga skulen med nemnte tilleggsfunksjonar nærmare til eit bydelsenter, og i dette tilfellet Slettatorget. Eventuell endring av lokalisering av skulen, ville derimot krevje ny grundig vurdering av plassering, tomtevurdering og med påfølgjande ny reguleringsplan. Alt dette ville medført at realisering av skulen ville blitt forskyvd langt meir ut i tid og vart difor forkasta.

I fjor haust kom det også innspel på om ein heller skulle tilrettelegge for kombinertskule for 1-10 skuletrinn med kapasitet på inntil 980 elevar. Etter vurderingar gjekk ein tilbake til opprinneleg plan som omhandla ny ungdomsskule. Skulestruktursaka blei vedtatt lenge etter at planlegging av dette prosjektet tok til, og administrasjonen konkluderte difor med at prosessen var komen for langt til at omfattande endringar ville vere rasjonelt i denne runden. Ein beslutning om å leggja ned barneskular vil krevje ein meir omfattande utreiing enn det ein greier å få til på kort sikt, samstundes med at tilrettelegging av kombinertskule også ville krevje endring av reguleringsplan. Skulestruktursaka vil derimot bli lagt til grunn for komande prosjekt, til dømes i Tromsdalen.

Utover dette har det også vore behov for å følgje opp merknaden til NVE som omhandlar krav om uavhengig kontroll av gjennomførte grunnundersøkingar. Rapport frå uavhengig føretak som omhandlar kvalitetssikring av områdestabilitet er difor blitt lagt til som nytt vedlegg.

Samandrag

Planforslaget legg til rette for ny ungdomsskule og fleirbrukshall på Kvaløysletta, ved sida av eksisterande ungdomsskule og barneskule. Området har god lokalisering med nærleik til friluftsområder. Utbygginga vil føre til ein oppgradering av uteområdet rundt skulane som vil vere til nytte for eksisterande barneskule og heile bydelen. Terrengt gjer det mogleg med relativ høg utnytting utan at det vil få negative følgjer for omgjevnadane.

Dei største utfordringane i området i dag er trafikksituasjonen rundt skulen. Det er føreslått tiltak i planen som vil betre eksisterande trafikksituasjon og auke trafikktryggleiken for gåande og syklende i området. Det er i tillegg foreslått skjerming mot trafikkstøy frå fylkesvegen. Grunnundersøkingane har konkludert med at det ikkje er behov for særskilte tiltak.

Byutvikling vurderer planforslaget som tilstrekkeleg godt gjennomarbeid med gode løysingar for kompakt bygningsstruktur, utnyttning av uteområdet og tiltak for trafikktryggleik i området mv. Saman med nytt tiltrengt skulebygg, vil også bydelen få ein fleirbrukshall som kan fyllast med aktivitetar som det ikkje finst tilbod på i dag.

Planforslaget blir difor tilrådd vedtatt.

01 Saksdokument

Dato:

01. Oversiktskart + lokaliseringskart	
02. Forslag til reguleringsplankart	21.08.2020
03. Forslag til planføresegner	Rev.07.02.22
04. Forslagstiller sin planbeskrivelse	13.08.2020
05. Landskapsplan 1:500	27.08.2020
06. Snitt landskapsplan	15.04.2020
07. ROS-analyse	21.06.2020
08. VAO-rammeplan	26.02.2020
09. OSG-rammeplan	21.06.2020
10. Trafikkutreiing	01.03.2020
11. Støyfaglig utredning	03.11.2020
12. Vurdering av luftkvalitet	12.11.2020
13. Datarapport geoteknisk undersøking	03.04.2020
14. Geoteknisk vurdering av grunntilhøve	02.06.2020
15. Uavhengig kvalitetssikring av områdestabilitet	06.12.2021
16. Vurdering grunnforhold Sandnessund skoletomt	11.03.2022
17. Merknader etter offentleg ettersyn	
18. Fylkesmannens svar til anmodning om frafall av innsigelser til plan 1923 - Kvaløysletta skole - Tromsø kommune	
19. Brev med varsel om opning av grunnerverv for mindre del av eigedom 72/70.	Mars 2022
20. Grunnervervteikningar	Mars 2022
21. Merknad frå grunneigar om mogleg erverv for mindre del av eigedom 72/20	Mars 2022

Kommuneplanen sin arealdel 2017 - 2026


02

Planfakta

Formålet med planen er å tilrettelegga for ungdomsskule med kapasitet til 720 elevar og fleirbrukshall innanfor eigedomane 72/25 og 72/132 på Kvaløysletta. Eigedomen 72/25 er i dag bebygd med ungdomsskule, barneskule og SFO bygg, og det er forutsett at ny ungdomsskule skal byggjast før det gamle skulebygget blir riven. Eksisterande ungdomsskule skal mao. vere i bruk samtidig som ny ungdomsskule blir bygd. Eksisterande barneskule og SFO vert oppretthalden som i dag, men reguleringsplanen har også inkludert dette arealet i tilfelle behov for ny barneskule seinare.

Ny ungdomsskule er føreslått med volum på ca. 8200 kvm og ny fleirbrukshall ca. 1800 kvm, i alt ca. 10 000 kvm planlagt bygningsmasse. Maksimum tillatt utnyttning er 2800 kvm BRA innanfor området til barneskulen og SFO (BU1), og 12 000 kvm BRA for ungdomsskulen (BU2). Maksimum tillatt høgde er kote + 30 m innanfor området BU1 og kote + 34 m innanfor området BU2.

Kapasiteten i dagens ungdomsskule er 370 elevar, og som følgje av stor auke i kapasitet i nytt skulebygg, vil eksisterande ungdomsskuletilbod på Storelva bli flytta over til Kvaløysletta.



Figur 1: Lokalisering av planområdet overfor fylkesveg 862 og rundkøyringa ved Sandnessundbrua på Kvaløya.

03

**Plan-
prosessen**

Dato:

Sak oppretta	05.11.2019
Naboskapsmøte	23.01.2020
Oppstartsmøte med Byutvikling	03.12.2019
Kunngjort oppstart av planarbeid (og tilskrivne partane)	14.12.2019
Komplett forslag til reguleringsplan	21.06.2020
Offentleg ettersyn (1.gangsbehandling)	28.08-12.10.2020
Endeleg vedtak (2.gangsbehandling)	2020 Mars 2022

04

Planvurdering

Tilhøve til overordna plan


Det aktuelle området er i overordna plan satt av til offentleg eller privat tenesteyting, og mindre områder til friområder og bustadformål. Området er markert med faresone for radon, ras- og skredfare. Delar av friområdet i nord er markert med faresone for flom.

Formål i gjeldande reguleringsplanar er offentleg bygg, park, bustad og offentlege trafikkområder.

Det er ikkje noko pågåande planarbeid i eller i nærleiken av planområdet som har betydning for planarbeidet.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel med planområde merka med svart stipla linje



Figur 3: Forslag til reguleringsplankart for ny Kvaløysletta skule, revidert 28.02.2022

Tenk Tromsø

Oppføring av nytt skulebygg, med samlokalisering av ungdomsskuletilbodet på Kvaløya på eksisterande skuleområde sentralt på Kvaløysletta, kjem ikkje i strid med føringane som ligg i Tenk Tromsø. Planforslaget har prioritert tiltak for gåande og syklende med tilrettelegging av nye fortau og trygge kryssingspunkt inn til skuleområdet. Skulen ligg gunstig til like ved kollektivterminalen og mellom folkerike bustadfelt på nord og sør sider av Sandnessundbrua. Dette legg til rette for at stor del av elevmassen og lærarar kan bruka andre transportformer enn bil.

Grunntilhøve

Heile det føreslåtte planområdet er under marin grense, og tidlegare utførte grunnundersøkingar i området har påvist mektig kvikkleire på 5 meter. Storparten av føreslått planområde består av allereie bygd areal, som inneberer at mykje av området er drenert som følgje av tidlegare omfattande gravearbeid. Det er gjennomført nye grunnundersøkingar med påvising av bergnivå. Registrert djupne til antatt berg varierar mellom 1-17 meter. Prøveseriane syner sandig, grusig, siltig materiale ned til 6,9 meter. Det er ikkje blitt påtruffen leire eller sprøbrotsmateriale i grunnundersøkingane som er gjennomført. Det er difor ikkje risiko for at det skal utløysast leirskred på området eller at skred på omkringliggende område vil råka prosjektet. Områdestabiliteten er vurdert som tilfredsstillande.

Bebyggelsesstruktur

I planområdet inngår barneskule, ungdomsskule, SFO-bygg samt bustadhus. Bebyggelsen er i to etasjar. Bygningsmassen i nærområdet består av einebustader i to etasjar.


Barneskule, SFO og bustad skal oppretthaldast. Eksisterande ungdomsskule skal bestå til ny er etablert.



Figur 4: Eksisterande bygningsmasse i planområdet.

I planforslaget er ulike bygningskonsept vurdert for å utnytta uteområda best mogleg. Alternativ bygningskonsept som er vurdert omfattar ulike formar for kompakt struktur og frittliggende bygningar. Kriteria for val av bygningskonsept har vore følgjande:

- Funksjonell og energieffektiv bebyggelse
- Sikring av veileigna og størst mogleg uteareal
- Oppdeling av område med omsyn til barne- og ungdomsskule (bygg- og uteareal)
- Tilgjengelegheit til fleirbrukshall for både ungdomsskulen og barneskulen samt utanfor skuletid
- Trafikksikker atkomst til skulen
- Ivareta eksisterande bekk/overvatntrasé gjennom området



Figur 5: Situasjonsplan



Figur 6: Illustrasjon av føreslått kompakt bygningsstruktur med skulebygg og fleirbrukshall i sør, med nytt stort uteområde mot nord


Når det gjeld sikring av blant anna arkitektonisk og funksjonell utforming har styringsgruppa for investeringsprosjektet «ny ungdomsskule på Kvaløysletta» bestemt at prosjektet skal gjennomførast som totalentreprise med løysingsforslag. Totalentreprisen vert anskaffa gjennom ein modell kor entreprenørane konkurrerer på løysingsforslag og pris.

Evalueringskriteriane som skal ligga til grunn for evaluering av løysingsforslaget vil bli utarbeidd i samarbeid med seksjon for anskaffelsar. Det er planlagt at kriteriane skal ta høgde for å gje poeng for funksjonell skule med uteareal, herunder fokus på skulen som arena for formidling av kunnskap, tilpasningsdyktig bygg med høg grad av generalitet og fleksibilitet. Bygget og uterommet sitt samspel med omjevnadane, arealeffektivitet, estetisk og arkitektonisk uttrykk, tekniske løysingar mv. blir også vektlagt. Viktig omsyn er at uterommet skal fungera som arena for læring, leik, eksperimentering, fysisk aktivitet samt sosiale møteplassar i og utenfor skuletid.

Trafikk/
parkering

Trafikktryggleik har vore særleg vektleggande i planforslaget. Løysingane bygger blant anna på tidlegare gjennomført trafikktryggingsanalyse for skuleområdet. Atkomsttilhøva til skulen har blitt utforma for å avgrensa konflikten mellom køyretøy og mjuke trafikantar.


Hjertesone tankegang har fått forme situasjonen med atkomst og trafikksituasjonen nært skulen. Slettavegen blir einvegskøyrte og det vert etablert fortau forbi skuleområdet. Skulegården blir tilnærma bilfri, forutan noko varelevering.



Figur 7: Køyreveger (svart linje), varelevering/atkomst utrykningskøyrety (blå stipla linje), atkomst utrykningskøyrety (grøn stipla linje), parkering og droppsoner


For parkering er prinsippet at det ikkje skal etablerast fleire parkeringsplassar i planområdet enn i dag, dvs. ca. 40 plassar. Dagens droppsoner og parkering vert samla til ein stad i nordenden av planområdet med god avstand til skulen. Her er det vurdert behov for ca. fem oppstillingsplassar for barneskulen og ungdomsskulen til saman. Parkeringsplassen vil nyttast av skuletilsette på dagtid.

Etter skuletid blir den tilgjengeleg for brukarar av fleirbrukshallen. Det har vært førande for planen å unngå køyring gjennom skuleområdet for parkering og levering/henting av barn. Oppgraderte løysingar frå dagens situasjon omhandlar blant anna; nytt fortau langs Slettevegen, oppgradering av fortau langs delar av Slettebakken, delvis ny og delvis oppgradering av GS-veg til skuleområdet frå nord til sør, forbetra trafikktryggleik med gangfelt i Slettevegen i tilknytning til GS-vegen mot kollektivterminalen.




Figur 8: Planforslag med hovudprinsipp for mobilitet og atkomst

	<p>Det vert etablert HC-plassar i skuleområdet i tilknytning med skuleinngang. Renovasjonsbilar får atkomst til skuleområdet frå Slettavegen. Utrykkingskøyretøy får i tillegg atkomst via g/s-veg frå sør.</p> <p>Planforslaget innehar ein ambisjon om å auke talet på elevar som går og sykklar til skulen, og avgrensa talet som blir køyrt. Planen legg opp til gode tilknytningar til gang- og sykkelnett, med avgrensa konflikhtar med biltrafikk. Mange elevar bur innan rimeleg gang- og sykkelavstand til skulen, og avstanden til kollektivterminalen på Kvaløysletta er kort. For tilsette er det også eit mål å redusera bilbruken og auke andelen som reiser til jobb med gang, sykkel eller kollektiv.</p> <p>Når det gjeld kryss fylkesveg 863 Salarøyvegen/Slettabakken, er kriteriane for venstresvingefelt allereie oppfylt. Med planforslaget er det forventa ein auke på rundt 10 kjt/t samanlikna med dagens situasjon. Det vert tilrådd å søka fråvik frå kravet om venstresvingefelt grunna fartsgrense og avgrensa utfordringar i dag. I krysset er det elles tilrådd tiltak med breiddeutviding av delar av Slettabakken nærmast kryssområdet, samt tiltak for sikring av gang- og sykkeltilknytning for elevar som kjem frå nord og inn til skuleområdet.</p>
Miljøbelastningar (støy, støv, elektromagnetisk stråling mm.)	<p>Delar av planområdet ligg i gul støysone frå fylkesveg, og det er berekna krav til støyreducerande tiltak med støyskjerm for å tilfredsstilla krav etter retningslinjene for støy i arealplanlegginga. Når det gjeld støv er det ikkje forventa at ny ungdomsskule vil gje stor nok auke i biltrafikken til å påverka luftkvaliteten i området. Dette sjølv om trafikken vil auka noko ved skulestart og skuleslutt. Det er viktig at vegetasjonen i området vert bevart og forsterka for å dempa trafikkstøv frå fylkesvegen.</p> <p>Området er elles registrert som usikker for førekomst av radon, og det er lagt inn føresegn om radonsperre ved utbygging.</p> <p>Ved igangsetting av byggeprosjektet framkjem det i føresegnene at det skal utarbeidast plan for beskyttelse av omgjevningane knytt til støy, støv, trafikktryggleik/avvikling, massetransport og andre ulemper. Nødvendige tiltak for vern skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan igangsettast.</p>
Friområder	<p>Området har god tilgang til friluftsområder og samanhengande grøntområder mellom dei ulike bustadområda. Det er ein eksisterande ballbane i Kalvedalsvegen. I tillegg vert uteområda ved skulen brukt som strøkleikeplass i området. Det er i tillegg etablert bål plass og gapahuk i friluftsområdet nord for SFO-bygg.</p>
Sol/skygge/dags-lysfaktor	<p>På grunn av terrenget er det ingen konsekvensar med omsyn til sol- og skugge for omkringliggande bebyggelse.</p>
Barn og unge	<p>Eksisterande fotballbane med grusdekke vert lagt ned som følgje av utbygging. Med ny fleirbrukshall vil ein få eit nytt fritidstilbod i nærområdet. Sjølv om skulen mistar dagens fotballbane, er det vurdert at barn og unge vil få eit oppgradert aktivitet- og fritidstilbod i nærområdet.</p>



Figur 9: Landskapsplan som syner ny ungdomsskule og fleirbrukshall i sør, interne vegar og nytt uteområde der eksisterande ungdomsskule står i dag.



Figur 10: Føreslått uteområde for ny ungdomsskule

Skule og skulekapasitet

Bygging av ny ungdomsskule inneberer at kapasiteten blir auka frå dagens nivå på 370 elevar til 720 elevar. Ungdomsskuletilbodet på Storelva blir flytta over til Kvaløysletta når ny skule står ferdig.

Klima og miljø

Det er ikkje kjent at planforslaget vil påverka eller vil få konsekvensar for klima og miljø. Relevante tema i ROS-analysen omfattar kvikkleireskred, dambrudd ved Amundvatn og Slettaelvadammen, trafikktryggleik og radonstråling. Desse temaene er vurdert med grunnlag i kommunen sin overordna ROS-database.

Risikobiletet er vurdert som låg og middels og det er føreslått risikoreduserande tiltak avgrensa til trafikk og radonstråling.

Vatn, avløp og overvatn

Det er behov for oppgradering av vatnleidning med lengde ca. 116 meter for å oppnå slukkevatnkravet på 50 liter pr. sek. Grunna utfordringar med kapasitet vert det tilrådd å kopla spillvatnet frå den nye skulen til det eksisterande kommunalt leidningsnettet. Føreslått utbygging av planen vil føra til auka avrenning frå området. I landskapsplanen

	er det tatt omsyn til overflateavrenning frå planområdet med moglegheit for infiltrasjon innanfor uteområdet. Det er i planen tatt høgde for grøft langs Slettavegen.
Renovasjon	Eksisterande søppelhandtering for ungdomsskulen vert flytta til område for nytt skulebygg. Det blir etablert anlegg for nedgravd kontainer ved ungdomsskulen og parkeringslomme langs Slettavegen. Renovasjon for ungdomsskulen kan elles løysast i kjellar dersom dette blir bygd. Renovasjon for barneskulen kan løysast innanfor skuleområdet med atkomst frå Slettavegen eller ved stopplomme langs Slettabakken.
Rekkefølgekrav	Planforslaget innehar rekkefølgekrav om at det ikkje kan gjevast igangsettingstillatelse for ny bebyggelse før føreslåtte tiltak for mjuke trafikantar, samt droppsone og parkering er opparbeidd. Brukstillatelse avhenger av at mellombelse løysingar for interne gang- og sykkelveggar, vatnavløp og avfallshandtering er opparbeidd. Endeleg ferdigattest for ny bebyggelse kan ikkje gjevast før gammalt skulebygg er riven, og interne gang- og sykkelveggar og uteareal er opparbeidd.
05	I tilknytning med offentlig ettersyn kom det inn fire merknader frå offentlege etatar, to merknader frå foreiningar, merknad frå Kvaløysletta skule, samt ein merknad frå nabo.
Merknader til offentlig ettersyn	Fylkesmannen (nå Statsforvalteren) i Troms og Finnmark fremma to motsegner. Desse er blitt handtert og følgt opp med revidering av aktuelle plandokument og føresegner. Fylkesmannen i Troms og Finnmark har etter dette fråfalt begge motsegnene. Brevet med fråfall av motsegner er lagt som vedlegg.
	<u>Fylkesmannen i Troms og Finnmark, 09.10.2020:</u>
	Fylkesmannen fremma to motsegner til plan 1923 Kvaløysletta skule i Tromsø kommune. Dette omhandla følgjande;
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Mangelfull ivaretaking av ROS og sikker byggegrunn. 2. Mangelfull utreiing av støy for byggeområde B3 i plankartet.
	Fylkesmannen fremma også merknad der dei ba kommunen vurdere ei føresegn om dokumentasjonskrav for å ivareta omsynet til universell utforming.
	<u>Kommentar frå Byutvikling:</u>
	Aktuelle rapportar frå geoteknisk vurdering er blitt ettersendt til Fylkesmannen i Troms og Finnmark. Dette gjaldt også rapportane av støy og luftforureining. Det er elles føretatt nokre justeringar i planføresegnene etter merknader. Det er mottatt brev frå fylkesmannen med fråfall av begge motsegnene som er lagt som vedlegg.
	<u>Statens vegvesen, 01.10.2020:</u>
	Statens vegvesen ser at det er gjort tiltak for eit godt og trafiksikkert skuleområde og at dei statlege planretningslinjene er ivare tatt på ein god måte. Statens vegvesen har ingen merknader til planforslaget.

Troms og Finnmark fylkeskommune, 12.10.2020:

Troms og Finnmark fylkeskommune gjev ros for at planarbeidet har hatt så stort fokus på tilrettelegging av trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar i området.

Fylkeskommunen har tidlegare hatt merknad til dimensjonering av talet på sykkelparkeringsplassar, og syner til Statens vegvesen sin håndbok V122 (sykkelhåndboka) der det framkjem ein tilrådd minimumsnorm på 0,7 sykkelparkeringsplassar pr. elev ved skule.

I planforslaget for Kvaløysletta skule vert det lagt opp til eit lågare nivå av parkeringsplassar. Når ein samtidig har som mål å auka talet på syklande til skulen, stiller fylkeskommunen spørsmål til om ikkje dimensjoneringa av sykkelparkeringsplassane bør aukast.

Kommentar frå Byutvikling:

Etter merknad frå fylkeskommunen er det gjort nye faglege vurderingar på sykkelandelen. I føresegnene er det difor lagt inn krav om at det skal opparbeidast 0,7 parkeringsplass for sykkel per elev. Av desse skal 0,3 plass per elev ha høgstandard med tak og vegger og vere plassert nær hovudinngang.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 20.11.2020:

NVE registrerar at det ikkje er funne kvikkleire i området og at områdestabiliteten er vurdert som tilfredsstillande. For tiltak i kvikkleireområdet minner NVE om at geotekniske vurderingar bør kvalitetssikrast av uavhengig foretak. NVE ber elles om at geotekniske rapportar blir sendt inn til nasjonal database for grunnundersøkingar (NADAG).

Kommentar frå Byutvikling:

Det er blitt gjennomført uavhengig kontroll i etterkant av merknaden frå NVE. Oppdatert rapport vil bli sendt til nasjonal database (NADAG).

Utdanningsforbundet ved Kvaløysletta skule v/Morten Andersen, 09.10.2020

Utdanningsforbundet på Kvaløysletta skule stiller seg kritisk til det få tal parkeringsplassar som er satt av. Dei meiner behovet er langt større særleg når ein skal dobla kapasiteten på elevtalet.

Kommentar frå Byutvikling:

I kommuneplanen sin arealdel 2017-2027 (side 20) er det ingen bestemte normar for andel parkeringsplassar for offentlege bygg som skule i dette tilfellet, men det skal vurderast særskilt. Innspel på dette er komen frå fleire partar frå skulen, og det synest i utgangspunktet forståeleg. Vurderingane som er gjort bygger likevel på trafikktryggleik, separering av trafikantgrupper med vektlegging på mjuke trafikantar, tilgangen til kollektivtrafikk mv. Då det ikkje er tilkjennegjort spesielle behov som lærarane har for transport med bil, har ein heller ikkje sett grunnar til å prioritera dette særskilt i planforslaget. Utifrå trafikale omsyn er det gjort eit grep med å flytta dagens parkeringsplass frå skuleområdet til området ved Slettakbakken/Slettavegen i nord.

Med gjeldande arealavgrensingar, er det elles vanskeleg å prioritera meir parkering utan å ta av verdifulle areal frå bydelsparken som grensar til skuleområdet. Dette har heller ikkje vore aktuelt, då ein samtidig ønskjer å avgrensa trafikkmengda i området.

Skulen grensar altså til ein kollektivterminal med svært hyppige avgangar, og er ein viktig grunn for det føreslåtte omfanget av parkeringsplassar. Tenk Tromsø sine målsettingar om at veksten i transportbehovet framover i hovudsak skal skje med kollektiv, sykkel og gange, kan elles vanskeleg skje utan at alle grupper i samfunnet tar del i dette.

Kvaløysletta skule, ved rektor Lise Arntzen Windfeldt:

Adkomsten til Sandnessund skule og Kvaløysletta skule markert som GT2 i planen er ikkje eigna som adkomst til skulane på vinteren. Denne adkomsten vert sperra av manglande snørydding og betydeleg rasfare frå snødeponi innerst i Gråtindvegen.

Skulen er bekymra for det avsatte parkeringsarealet for tilsette. I dag er parkeringsbehovet periodevis opptil 60 bilar som er parkert i skulegården og rundt skulen. Med ein planlagt dobling av størrelsen på ungdomsskulen trur skulen at ein avgrensing til berre 40 bilar vil føra til stor mangel på parkeringsplassar for dei tilsette. Gode fasilitetar er viktig, og med knapt med parkeringsareal, er frykten at dette vil føra til problem med rekruttering av lærarar. Det er heller ingen alternative parkeringsområder i umiddelbar nærleik.

Skulen er elles svært positiv til etablering av snøsmelteanlegg i gang- og sykkelvegane av adkomst til skulen. Dette vil gjere det betydeleg meir attraktivt å sykle eller gå til skulen heile året.

Kommentar frå Byutvikling:

Problemstillinga med deponi av snø i enden av Gråtindvegen markert som o_GT2 i plankartet, kan i samanheng med regulering vanskeleg gjere noko med. Skulen og/eller bebuarar langs Gråtindvegen kan evt. ta opp problemstillinga med bydrift for å vurdere alternative løysingar for å betre situasjonen.

Innspelet om tilrettelegging av parkering er svart under merknaden til utdanningsforbundet.

FAU Kvaløysletta skule v/FAU leiar Bjørn Ivar Strand, 09.10.2020:

FAU på Kvaløysletta skule har merknad til behov for å gjere det meir framkomeleg for buss. Slik det er i dag står bussen ofte i bilkø som medfører at elevar kjem for seint til skulen. Det vert difor etterlyst behov for tiltak.

Eit anna høve er knytt til påstigning av buss langs Eidvegen som for mange elevar vert opplevd som krevande og skummel grunna trafikkmengda langs fylkesvegen. Situasjonen er ikkje forsvarleg slik det er i dag.

Det vert elles stilt spørsmål ikring talet på parkeringsplassar ettersom skulekapasiteten skal doblast. I dag er det svært vanskeleg å få parkeringsplass ved skulen, spesielt for besøkande på dagtid ifbm. utviklingssamtalar mv. Det bør sikrast at det vil vere mogleg for besøkande å parkera.

Kommentar frå Byutvikling:

Merknaden om buss på fylkesvegen er ein relevant og kjent problemstilling, då det i stor grad påverkar kvardagen for elevane. Det er likevel slik at høve som omhandlar framkomeleg for buss og trygg påstigning til buss, er tema som blir arbeidd med i andre samanhengar enn regulering av ny Kvaløysletta skule. Delar av dette vil avhenge av omfattande og meir langsiktige tiltak på veg, noko som prosjektet Tenk Tromsø følgjer opp i samarbeid med vegvesenet og fylkeskommunen.

Når det gjeld trygg påstigning til buss over fylkesvegen frå Eidkjosen, opplyser fylkeskommunen at dersom dei får midlar vil prosjektet med busstopp og kryssingar langs denne strekninga bli lyst ut og gjennomført i løpet av 2021.

Når det gjeld tilrettelegging av parkeringsplassar, er dette blitt svart ut tidlegare i merknaden frå utdanningsforbundet. Sjølv med utviding av elevtal og behov for fleire lærarar, har ein utfrå trafikale grunnar ikkje valt å prioritera dette ytterlegare.

Leif Erling Olsen, Gråtindvegen 47, 9101 Kvaløysletta, 09.10.2020:

Leif Erling Olsen ønskjer å klaga på planen. Slik innsendar av klagen ser det vil planen påvirka både utsikt og støytilhøva for der vedkomande bur i Gråtindvegen. Dette igjen vil påverka verdien på bustaden.


Klagen går difor ut på planlagt plassering og planlagt størrelse på bygget og konsekvensane av dette for bustaden.

Vedkomande ser heller ikkje at det er tatt høgde for korleis kommunen har planlagt ivaretakinga av tryggleiken til ein eventuelt skada person frå denne skulen eller fleirbrukshallen dersom det bles over 30 meter i sekundet og brua er stengt.

Kommentar frå Byutvikling:

Byggeområde for ny ungdomsskule vil som kjent byggast ved sidan av dagens skule, området o_BU2 i plankartet. Maks høgde for ny ungdomsskule vil ha ei høgde på kote +34. Vedkomande sin eigedom ligg på kote +34. Det betyr at vedkomande både i sokkeletasje og i hovudetasje vil kunne sjå over den nye ungdomsskulen, jamfør figur av siktlinjer og illustrasjonar under.

Spørsmål om beredskapssituasjonen på Kvaløya, er ikkje blitt vurdert som tema eller vil påverka utbygging av ny ungdomsskule.



Figur 11: Siktlinje frå Gråtindvegen 47



Figur 12: Høgdeforskjell og kote på bakkenivå for eigedom Gråtindvegen 47 og skuletomt.

**Merknader
etter
mogleg**

Det vart sendt brev den 23.02.2022 til eigedomar med gnr./bnr. 72/55, 72/938, 72/70 og 72/10 langs Slettavegen, med varsel om at det kan vere nødvendig med erverv for del av eigedom som følgje for gjennomføring av detaljregulering av ny ungdomsskule og utbetring av veg og gs-veg langs Slettavegen. Frist for tilbakemelding vart satt til 09.03.2022. Brev med vedlegg er lagt som tillegg i saka.

Som følgje for dette varselet kom det merknad frå Olaug O. Theodorsen eigedom gnr./bnr. 72/70. Vedkomande ga melding om at det verken er ønskjeleg eller akseptabelt med erverv og innskrenking av eigedomen. Då området tydelegvis skal omregulerast til ny skule, må det vere mogleg å regulera veg og tilhøyrande fortau etc på ein slik måte at dette vert unngått, t.d. ved å leggja den litt lengre opp mot tiltenkt ny skule. I tilknytning med tidlegare reguleringar og utbyggingar av fylkesvegen har eigedomen også blitt innskrenka, og det kan ikkje vere rimeleg at dette vert gjenteke gang på gang. Grunneigar vil difor avvise eit slikt krav om erverv og innskrenking av eigedomen. Grunneigar ber om nærmare orientering og moglegheit for vidare tilbakemelding/konsekvensar/avgrensingar for vidare disponering av eigedomen.

Kommentar frå Byutvikling:


I brevet som vart sendt til grunneigar vart det orientert om at formålet «Annan veggrunn» sannsynlegvis vil gå over eigedomen og vil utgjere eit areal på i alt 21 m² merka med lilla farge i figur 14. Formålet «Annan veggrunn» vil elles vere i tråd med det formål som allereie ligg i gjeldande reguleringsplan, Kvaløysletta Nord 72/3, 4, 6, 10 m.m. planid 0504, jf. figur 15. I den nordlege delen av denne eigedomen der formålet ved eigedomsgrensa i gjeldande plan er «Annan veggrunn», vil det i ny reguleringsplan blir endra til bustadformål. Dette er markert med gul farge i figur 14.

I høve til gjeldande situasjon for eigedomen figur 13, samt tilhøve ved gjeldande regulering, kan Byutvikling ikkje sjå at erverv for mindre del av denne eigedomen til formålet «Annan veggrunn» vil få merkbare konsekvensar. Dette ettersom formålet ikkje vil endra på dagens bruk av eigedomen. Derimot vil eigedomen få tilført verdi ved at delar av gjeldande regulering i ny regulering blir omgjort frå vegformål til


**grunn-
ervert**

bustadformål, jf. figur 14 og 15. Etter vedtatt detaljregulering og under arbeid med prosjektering, vil kommunen v/eigedom eventuelt ta kontakt med grunneigar for frivillig avtale dersom dette blir nødvendig.


Det kom ingen andre merknader frå øvrige grunneigarar.



Figur 13: Bilete over dagens situasjon på eigedom 72/70



Figur 14: Utsnitt av forslag til detaljregulering, Kvaløysletta skule planid 1923 med rosa markering for behov for areal.



Figur 15: Utsnitt av gjeldende reguleringsplan Kvaløysletta Nord 72/3, 4, 6, 10 m.m planid 0504

Byutvikling vurderer planforslaget som godt gjennomarbeidd. Alle eksterne merknader og innspel frå fagavdelingar i kommunen er vurdert og ivaretatt i planforslaget. Eventuelle konflikter knytt til planforslaget er vurdert som avgrensa. Dei største utfordringane i området i dag er trafikksituasjonen rundt skulen. Her er det føreslått tiltak i planen som vil betre eksisterande trafikksituasjon. Sektormyndene har gjeve gode tilbakemeldingar på forslaga til trafikkløysing i planforslaget. Det er satt krav om sikring av god arkitektonisk utforming i føresegnene.

Reguleringsplanen blir difor tilrådd vedtatt.

06 Konklusjon

Vedlegg

Oversiktskart

Planbeskrivelse detaljregulering Kvaløysletta skoler, 13.08.20

LO001(A0)

Snitt, landskapsplan, 15.04.2020

ROS-analyse, 21.06.2020

VAO rammeplan

OSG-rammeplan-210620

Trafikkutreiing

Støyrapport Sandnesund skoletomt, 03.11.2020

Vurdering av luftkvalitet ved Sandnessund skole, 12.11.2020

Datarapport grunnundersøkelse, 03.04.2020

Geoteknisk vurdering, 02.06.2020

Merknader etter offentlig høyring.

Fylkesmannens svar til anmodning om frafall av innsigelser til plan 1923 - Kvaløysletta skole - Tromsø kommune

PLAN 1923 - Detaljregulering Kvaløysletta skule - endeleg vedtak

Uavhengig kvalitetssikring områdestabilitet, Norconsult 06.12.21

Reguleringsbestemmelser Kvaløysletta skole, rev. 28.02.22

1923_Grunnerverv_3_rev21.02.2022

1923_Grunnerverv_oversikt_rev21.02.2022

Brev med varsel om opning av erverv for mindre del av eigedom, eigedom 72.70 Olaug O. Theodorsen

Merknad om erverv, Olaug O. Theodorsen

1923_Kvaløysletta skoler_rev28.02.2022

Vurdering grunnforhold Sandnessund skoletomt, 11.03.2020

Vedtakskompetanse

Kommunestyret